

Månad: april 2018

AKTIVITET

Medisinsk klinikk	Denne perioden					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
DRG-poeng dag/døgn, A	808	869	-61	873	-65	3 564	3 457	107	3 422	142
DRG-poeng poliklinikk, A	239	236	3	182	57	909	900	9	859	50
DRG-poeng H-resept, A	146	154	-8	117	29	885	639	246	662	223
DRG-poeng andre regionar, B	9	13	-4	12	-2	40	44	-5	39	1
SUM DRG-poeng produsert (A+B)	1 202	1 271	-69	1 184	18	5 398	5 041	357	4 982	415
DRG-poeng behandla ved Feiring, C	7	5	2	5	2	49	23	25	16	32
SUM DRG-grunnlag ISF-inntekt (A+C)	1 200	1 264	-64	1 177	22	5 407	5 020	387	4 959	447
Tal dagbehandling	759	624	135	591	168	3 059	2 627	432	2 521	538
Tal heildøgnsopphald	767	833	-66	865	-98	3 361	3 329	32	3 333	28
Tal polikliniske konsultasjonar	4 933	5 103	-170	3 874	1 059	18 360	19 401	-1 041	19 501	-1 141

DRG-poeng

Nokre færre inneliggande pasientar enn budsjettert gir eit negativt avvik på 61 poeng i april. Færre polikliniske konsultasjonar gir ikkje noko utslag i DRG-poeng, då mykje av avviket er relatert til lysbehandling hos hudpoliklinikk.

DRG-poeng for H-resept syner eit negativt avvik på 8 poeng i april og eit positivt avvik på 246 poeng etter fire månader. Totalt er 165 H-reseptmedikament som i 2017 var finansiert over ramme, overført til ISF-finansiering i 2018. Noko avvik i periodisering gir det positive avviket dei første månadene.

Dagbehandling

Tal dagbehandling syner eit positivt avvik på 135 i april og 432 etter fire månader. Dette har si årsak i høg aktivitet innanfor dialyse og kreftbehandling.

Heildøgn

I april månad var det nokre færre pasientar enn planlagt. Færre pasientar ved barnesengepost, medisinsk sengepost FSS og LSH samt neurologisk sengepost. Etter fire månader har klinikken samla hatt 32 fleire sjukehusopphald enn planlagt.

Poliklinikk

Med unntak av hudpoliklinikk var den polikliniske aktivitet om lag i tråd med plan i klinikken. Hudpoliklinikken har færre konsultasjonar enn planlagt.

ØKONOMI

Medisinsk klinikk	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	- 1 980	- 1 980		- 7 119	- 7 719	- 600
ISF egne pasientar	- 23 993	- 24 147	- 154	- 96 660	- 95 318	1 342
ISF H-resept	- 3 538	- 3 345	193	- 19 961	- 13 908	6 052
Gjestepasientinntekter	- 363	- 453	- 90	- 1 381	- 1 545	- 164
Polikliniske inntekter	- 2 938	- 2 156	782	- 12 404	- 8 857	3 548
Utskrivingsklare pasientar	- 195	- 53	142	- 522	- 211	312
Øyremerka tilskot "Raskare tilbake"						
Andre øyremerka tilskot	- 118	- 193	- 74	- 200	- 771	- 572
Andre driftsinntekter	- 2 882	- 2 980	- 98	- 13 080	- 12 010	1 070
Sum driftsinntekter	- 36 006	- 35 306	701	- 151 327	- 140 339	10 988
Kjøp av offentlege helsetenester	181	279	98	1 304	1 203	- 101
Kjøp av private helsetenester	3	6	3	60	23	- 37
Varekostnader	16 544	17 663	1 120	65 171	70 870	5 699
Innleige av personell	661	235	- 426	2 696	1 008	- 1 688
Løn til fast tilsette	37 219	37 385	166	148 149	146 135	- 2 014
Overtid og ekstrahjelp	3 480	2 658	- 822	12 726	10 963	- 1 763
Pensjon inkludert arbeidsgjeveravgift	6 557	6 557		26 228	26 228	
Offentlege tilskot og refusjonar - arbeidskraft	- 2 172	- 1 743	429	- 7 493	- 6 971	522
Anna løn	5 561	5 495	- 66	22 175	21 868	- 308
Andre driftskostnader	1 570	1 486	- 84	5 809	5 403	- 406
Sum driftskostnader	69 604	70 023	419	276 826	276 731	- 95
Finansinntekter						
Finanskostnader				6		- 6
Finansresultat				6		- 6
Ordinært resultat	33 598	34 718	1 119	125 505	136 391	10 887

Resultat

April syner eit samla mindreforbruk på 1,1 millionar kroner.


Rekneskapan syner eit mindreforbruk på medikament innanfor H-reseptområdet, samtidig som vi har auke i inntekt på 6,0 millionar kroner for dette området etter fire månader. Dette må sjåast i samband med noko utfordring med periodisering, der 165 medikament er overført frå ramme til ISF-finansiering i 2018. Vi ventar ikkje same veksten ut året.

Auka poliklinisk inntekt er auke ved mikrobiologisk - og kliniskkjemisk-laboratoriet. Dette med bakgrunn i både auka satsar og auka aktivitet.

Personalkostnader syner samla eit meirforbruk på 0,7 millionar kroner denne månaden. Samla skal klinikken redusere personalkostnadene sine med 28,6 millionar kroner (jf. budsjett 2018). Mange av tiltaka som er budsjetterte, vil først ha verknad utover året. Alle budsjetterte tiltak blir fortløpande følgt opp i klinikken.


PERSONELL

Medarbeidarar



I høve tidlegare månader er det ein reduksjon i både netto og brutto månadsverk, i tillegg til tal tilsette. Dette med bakgrunn i planlagde tiltak i 2018.


Sjukefråvær



Fråværet er 0,5 prosentpoeng høgare i mars enn same månad året før.

KVALITET

Epikrise



Epikrisetala er ikkje klare i styringsportalen ved rapportering.


Korridorpasientar

Korridorpasientar	Denne periode			Til no i år		
	i år	i fjor	avvik	i år	i fjor	avvik
Barn sengepost Førde	0	0	0	0	0	0
Kreft sengepost	0	0	0	0	0	0
Medisinsk sengepost Førde	13	10	3	47	31	16
Medisinsk sengepost Lærdal	1	0	1	3	0	3
Medisinsk sengepost Nordfjord	0	0	0	0	4	-4
Nevro/revma/rehab Førde	0	0	0	0	0	0
Sum	14	10	4	50	35	15

Høg aktivitet på medisinsk sengepost medførte fleire korridorpasientar enn tidlegare.


VENTELISTE - FRISTBROT

Ventetid for ventande ved perodeslutt



Tal ventande er 125 færre enn på same tid i fjor. Samla ventetid for klinikken er på 41 dagar i april, det same som i mars.

Ventetid for ventande der behandling er starta i perioden



Ventetida for ventande der behandling er starta i perioden, har gått opp frå 53 dagar i mars til 54 dagar i april.

Venteliste – langtidsventande

Ventetid i kalenderdagar	Pasientar	I prosent
1 - 10	262	16 %
11 - 30	527	32 %
31 - 90	778	47 %
91 - 180	98	6 %
181 - 365	5	0 %
365 +	2	0 %

Det er sju pasientar som har venta meir enn eit halvt år.

Ventelister – Fristbrot

Einingar med fristbrot	For ventande ved periodeslutt	
	Pasientar	I prosent
Indremedisinsk avdeling	17	2 %
Lærings- og meistringssenter	0	0 %
Kreftavdeling	0	0 %
Avdeling for nevro/revma/rehab	0	0 %
Samhandling og tverrprofesjonelle tenester	0	0 %
Barneavdeling	5	3 %
Hudavdeling	9	3 %

Det er vekst i tal fristbrot i høve mars månad.